



KOMMUNEDELPLAN TIDLEG INNSATS OG LIVSMEISTRING

Til føresette i barnehage og skule

Voss herad sin planstrategi 2020- 2023 løftar fram arbeid mot utanforskap som eit prioritert satsingsområde. Samstundes har det kome nye nasjonale føringar, blant anna i høve plikt til samarbeid mellom tenester og at alle kommunar skal ha ein plan som viser korleis ein skal jobba førebyggjande i høve omsorgssvikt og åtferdsvanskar. Som ledd i dette arbeidet skal det lagast ein kommunedelplan for tidleg innsats og livsmeistring. Planen skal dekke aldersgruppa 0 til 25 år.



Hovudmålet er å utarbeide ein kommunedelplan for tidleg innsats og livsmeistring som syner korleis Voss herad skal arbeida målretta for å dreia ressursinnsatsen frå reparasjonstiltak til førebyggjande arbeid og tidleg innsats. Planen skal være eit nyttig reiskap i folkehelsearbeidet i heradet for å hindre utanforskap og oppnå sosial utjamning. Målet er at planen skal bidra til å auka kunnskapen om det førebyggjande arbeidet i heradet, bidra til eit samordna tenestetilbod og fremme ei heilskapleg tilnærming som sikrar at barn og unge får dei beste føresetnader for å meistre eige liv.

Å kunna få innspel frå barn og unge vil gje nyttig kunnskap i det vidare arbeidet med planen. Dei er ekspertar på korleis det er å vekse opp på Voss i dag, og kva som gjer at nettopp dei har det bra i kvardagen sin. For å nå flest mogleg, nyttar me barnehagane og skulane som arena der dei kan drøfte og kome med sine innspel.

Alle svara som kjem skal vere anonyme, og det er det heilt frivillig å delta.

Me håpar på mange gode innspel, og sjølv om ikkje alt vert tatt med **kan me love at alt vert les og høyr!**

Med helsing

Prosjektgruppa v/ Hilde Rogne